

Økonomiske nøkkeltal JORDBRUKET 2022



Tveit Regnskap

En del av

SpareBank 1 Forretningspartner
SR-BANK



INNTEKTSUTVIKLING i Haugalandsjordbruket

Haugalandsbonden har opplevd eit solid løft i inntekt dei to siste åra, eit sårt tiltrengt løft. Etterslepet i inntekt i høve andre grupper i samfunnet har vore stort.

Tveit Regnskap AS fører rekneskapen for i alt 1.900 gardsbruk i regionen, og i løpet av ein 30-årsperiode har ein fylgt utviklinga på omlag 200-300 av desse bruka. Dette er familiebruk med normalt mellom eitt til to årsverk - som har hovudinntekta si frå jordbruket.

Hovudtrekk for 2022:

- Den solide auken i 2021 varer ved i 2022.
- Kostnadsvekst på innsatsfaktorane.
- Mjolk og svin er bærebjelken, og her var auken størst.
- Stabilt klima - god sesongvekst.
- Noko av auken er inntekt på papiret, og ligg ikkje nødvendigvis på konto.

Det er fleire faktorar som påverkar bonden si inntekt, men den viktigaste av dei er god avsetning på produkta. Er marknaden stabil peikar oftast pilene oppover, 2022 var ei slikt år. Året var prega av etterdønning etter korona-pandemien; mindre grensehandel og framleis litt avgrensa reiseverksmed – dvs. stor etterspurnad etter norske landbruksprodukt. Men sjølv om inntekta skaut litt fart og mange bønder

opplevde restskatt for 2022, er det gjerne ikkje alle bønder som kjenner seg heilt att når dei kikka på kontoen - og til dels har dei nok rett i det.

I rekneskapen måler ein noko som heiter status, og kort forklart er dette eit bilete av framtidig inntekt frå dyr eller varer ein har på lager ved utgang av året. Ved nyttår i 2022 såg framtidsutsiktene gode ut og såleis steig statusverdiane. For ein gitt gard med lik mengde dyr/varer ved årets start og slutt førte dette til ei relativt stor auke i inntekt – sjølv om det nødvendigvis ikkje viste att på bonden sin konto. Difor kallar me gjerne dette litt papirinntekt. Elles var året òg prega av ganske eksplosiv auke i kostnadane; spesielt på innsatsfaktorar som kunstgjødsel, kraftfôr og energi.

Mjølkebonden

Innteninga i mjølkeproduksjonen har dei siste åra blitt styrka grunna godt innanlands sal. Trenden varte ved og siste år steig dekningsbidrag (DB) pr ku med 3.000 kr, og ligg nå på 39.000 kr/ku, eller 5,61 kr pr. liter.

Auken er på ca 9 % frå året før; gjerne ikkje så stor prosentvis auke – men positivt i ein situasjon der mange hadde venta nedgang. Mjølkeprisen steig 47 øre pr. liter. Like eins auka prisen på kjøt som blei levert til slakt.

På kostnadssida auka kostandane til kraftfôr med ca. 11 % (2.000 kr pr. ku), vidare auka kostnad til kunstgjødsel mykje (prisen pr. kg gjødsel meir enn dobla seg). Mange bønder såg nok denne auken kome, og kjøpte såleis inn kunstgjødsel for 2022 hausten 2021 når prisane var lågare – dette har spart mange for store summar.

Dei tre siste åra har DB pr. liter mjølk stige med 1,5 kr – ei auke på snaut 40 %. Dette har gitt bonden rom til å tole den kostnadsauken ein har opplevd, og gjerne litt musklar til å tetta noko av gapet mot andre inntektsgrupper i samfunnet.

I snitt leverte Haugalandbonden 213 tonn liter mjølk pr. bruk, til ein pris på 6,69 kr/l. Storfébonden som ikkje driv med mjølk har enten oksar til oppfôring eller driv med ammekyr.



Ammekunæringa har henge etter inntektsmessig, året viste ein ganske stor oppgang målt i prosent (17 %). Men prosent er farleg når ein ligg lågt på stigen, oppgangen målt i kroner var 1.800 kr pr. ku. Innteninga pr. ammeku ligg på snaut ein tredjedel av ei mjølkeku.

Griseprodusenten

For grisebonden kan ein nok beskrive året som «all-time-high». Dekningsbidrag pr. slaktegris auka med 117 kr eller 25 %. På tre år har dekningsbidraget mest dobla seg frå 307 kr pr. gris i 2019 til 593 kr i 2022. Siste tre års auke i dekningsbidrag utgjør då totalt ca. 600.000 kr, for ei konsesjonsbesetning på 2.100 gris. Men bonden lever ikkje av dekningsbidrag åleine, dette skal gå til dekke faste kostnader som straum, bygg, vedlikehald m.m.

Ein finn grunn til å understreke at svinenæringa treng den strykinga i inntening ein har opplevd dei siste åra. Det er dyrt å fornye driftsapparatet – eit slaktegrisekjøst kostar fort 10-12 mill. kr i dag. Sjølv med eit rekordstort DB på 600 kr pr. gris gir dette oftast ned mot kr 0 i arbeidsbetaling for bonden. Så innteninga står diverre ikkje i forhold til kostnad på nyinvestering. Dette forklarar nok kvifor det knapt har vore bygd eit nytt grisekjøst på Hauglandet dei siste 5 åra.

På både svin og mjølk byrjar enkelte av bruka bli store i volum, og i gode år vil såleis inntekstauken dra godt i veg. Her kan pendelen fort snu andre vegen om marknaden snur. Svinemarknaden er skjør, og i skrivande stund vert det fryse inn gris grunna overproduksjon.

Sauerkjøtet

Sauebonden opplevde ein ganske stabilt år. Dekningsbidrag pr. sau var på same nivå som året før, 1.059 kr mot 1.041 kr året før. Som nemnt før er sauen eit «politisk» dyr, der mykje av inntekta kjem gjennom tilskot. Dette året er intet unntak – tilskot pr. sau auka med ca. 200 pr.



Bonden opplevde eit etterlengta løft i inntekt i 2022, med gjerne unntak av Trygve Hegnar er det få som misunner bonden dette løftet – det ligg mange timar bak.

Andreas Lundegård

dyr og utgjør nå snaut 1.700 kr pr. sau. Sauerkjøt er dyrt i butikk, og grensa for kva forbrukar er villig til å betale er nok gjerne nådd – så inntektsauken på sau vil nok framover òg måtte koma på tilskotssida. Dette utfordrar produksjonsmiljøa, og det å favorisere den flinke bonden.

Tilskot

Det har politisk vore brei semje om at bonden si inntekt treng hevast. For at forbrukaren ikkje skal bli sitjande att med rekninga har politikarane gitt myke av inntektsauken gjennom auke i tilskot. I 2022 auka tilskota pr. bruk i snitt med 15-20 % – noko av denne auken var ei ekstraordinær utbetaling for dekking av kostnadsauke på gjødsel, kraftfôr, energi m.m.

Faste kostnader

Skildringa over beskriv i stor grad utvikling på dekningsbidragsnivå, og bonden lever ikkje av det åleine. Dei faste kostnadane et gjerne ein stor del av kaka.

Uro i verdsøkonomien, krigen i Ukraina m.m. har ført kostnadsveksten til himmels. Frå å ha ligge stabilt på ein inflasjon på 2-3 % i året er ein nå oppe i 5-6 %. På enkelt områder som energi og byggjevarer endå høgare. Landbruket er ein storforbrukar av varer og tenester, så den generelle kostnadsauken i samfunnet slår og kraftig inn i bonden si lommebok. Like eins auka energikostnader; t.d. diesel og straum.

Investering og finans

Bankrenta har dei siste 5-10 år ligge ganske stabil, og både Ola Nordmann og Ola Gardbrukar har vend seg til eit rentenivå på 2-3 %. Men Adam var ikkje evig i paradisi, og ei heller renta. Rentenivå steig 1-2 prosentpoeng gjennom 2022, og på 2 år har styringsrenta auka med 3-4 %. Haugalandsbonden har i snitt 3,4 millionar i gjeld, og fjorårets renteauke kosta bonden om lag 20.000 kr pr. bruk. Målt mot botnnivå

er dagens rentekostnad fort 90-100.000 kr høgare. Bonden investerte litt mindre i bygningar – nedgang på om lag 1.400 kr i snitt. Medan investeringa i maskinar gjekk opp 15.000 kr.

Kikk i glaskula

Haugalandsbonden har opplevd eit solid løft i inntekt dei to siste åra, eit sårt tiltrengt løft. Etterslepet i inntekt i høve andre grupper i samfunnet har vore stort. Dels har auken kome frå styrte prosessar som auke i tilskot m.m., men mykje kan nok tilskrivate ein ekstraordinær stabil marknad grunna korona-pandemien. For 2022 kan nok òg gjerne litt av auken kallast «papirinntekt», men uansett gler me oss over bonden si auke i inntekt. Utanom Trygve Hegnar er det vel få som misunner bonden denne auken. Det bør òg understrekast at bonden jobbar vesentleg meir enn eit år-sverk (1750 timar) for å hente denne inntekta.

Men ting har en tendens til å snu, og alt i dag ser ein faktorar som peikar litt feil veg. Aukande matprisar, saman med renteheving har slått hardt inn i lommeboka til Ola Nordmann – dette har snutt markanden frå under- til overproduksjon i dei fleste av produksjonane. Fryselagra bognar av biff og bacon, og dette lageret er det bonden sjølv som må koste. Når dette slår seg saman med kostnadsveksten syner det raskt på botnlinja.

Oppsummert vil eg sei at 2022 var eit etterlengta lysglimt, 2023 kan sjå noko meir skoddete ut. Likevel vel eg å ha trua; siste års uro i Europa har sett fokus på matvaretryggleik og beredskap – dette gagnar den norske bonden!


Andreas Lundegård
kontaktperson

Telefon 982 53 925
Epost: andreas@tveit.no


MIDDELTAL
for gardsrekneskapa på Haugalandet og Sunnhordaland

	2018	2019	2020	2021	2022	Diff. 21-22
Næringsinntekt før avskrivning	534 511	543 099	571 738	681 536	814 505	132 969
Avskrivning	171 700	179 866	188 592	211 976	225 889	13 913
Næringsinntekt etter avskrivning	362 811	363 213	383 191	469 561	588 615	119 054
Renter	96 593	113 248	95 263	87 708	109 697	21 989
Resultat etter renter	266 218	249 965	287 928	381 853	478 918	97 065
Gjeld	3 311 004	3 502 163	3 212 477	3 530 335	3 441 100	-89 235
Investert i bygningar	174 540	165 641	144 523	138 419	136 991	-1 428
Investert i maskinar	161 719	203 027	138 130	170 736	184 977	14 241
Investert i kvote	21 499	22 699	7 266	16 256	3 295	-12 961
Aktiva	4 795 719	4 927 184	5 272 098	5 416 824	5 460 189	43 365
Eigenkapital	1 484 715	1 425 021	2 059 621	1 886 489	2 019 089	132 600
Gjeldsprosent	69,0%	71,1%	60,9%	65,2%	63,0%	-2%
Inntekt utanom garden	385 520	420 281	438 083	457 753	428 687	-29 066
Tal bruk	213	206	183	198	198	0


Jordbruksinntekt - løn industri



Gjeld pr. bruk 2007 - 2022



Renteutvikling 2007 - 2022




Dekningsbidrag produksjon



STORFE MJØLK

Gjennomsnittstal 2022



	2022				2021			
	Alle	Påsett<80	80-130%	>130%	Alle	Påsett<80	80-130%	>130%
Mjølkk	46 459	47 874	45 555	47 624	43 735	43 799	42 778	47 812
Kjøtt	21 060	15 178	24 492	62 224	18 861	12 352	21 308	57 789
Statusendring	3 100	1 635	4 588	6 728	3 373	2 661	4 614	2 982
Inntekt	70 619	64 687	74 635	116 576	65 968	58 811	68 700	108 583
Innkjøpt kraftfôr	20 338	19 013	21 376	30 130	18 216	16 443	19 241	27 101
Innkjøpt grovfôr	2 120	1 859	2 555	1 423	1 529	1 475	1 628	1 475
Eigenprodusert for	2 830	3 026	2 459	4 695	3 254	3 136	3 198	4 439
Dyrlege mm.	4 554	4 707	4 386	5 272	4 595	4 391	4 702	5 672
Kjøp	1 916	891	2 200	11 804	2 370	1 512	1 691	12 286
Kostnader	31 758	29 496	32 976	53 324	29 964	26 957	30 461	50 974
Dekn.bidrag u/tilsk.	38 861	35 191	41 659	63 252	36 004	31 854	38 239	57 610
pr. liter u/tilskot	5,61	5,02	6,12	8,90	5,13	4,56	5,60	7,35
Tilskot	18 907	18809	16870	21147	15286	14909	15693	16269
Dekn.bidrag m/tilsk.	57 768	54000	58529	84399	51290	46763	53932	73878
Pr. liter m/tilskot	8,40	7,94	8,77	11,89	7,57	6,93	8,21	9,45
Årskyr	29,47	27,81	32,24	28,16	29,62	28,96	30,96	28,38
Oppnådd mjølkepris	6,69	6,84	6,64	6,68	6,22	6,25	6,21	6,01
Kvote	212971	203490	229900	203440	221528	216227	227681	233360
Leveranse	7226	7317	7130	7224	7478	7466	7354	8223
% Påsett	83 %				79 %			
Tal bruk	114	60	49	5	122	70	43	9




Storfe mjølk • maks • 30% beste 2022

PÅSETT %	<80 Beste			80-130% Beste			>130% Beste			
	Maks	30 %	Snitt	Maks	30 %	Snitt	Maks	30 %	Snitt	Alle
Mjølkk	57 424	55 013	47 874	52 393	49 588	45 555	50 539	46 774	47 624	46 459
Kjøtt	16 503	16 993	15 178	24 494	28 826	24 492	98 865	80 556	62 224	21 060
Statusendring	3 918	2 007	1 635	4 441	3 686	4 588	7 062	8 348	6 728	3 100
Inntekt	77 845	74 013	64 687	81 328	82 099	74 635	156 466	135 678	116 576	70 619
Innkjøpt kraftfôr	21 373	19 985	19 013	13 760	20 722	21 376	36 117	33 038	30 130	20 338
Innkjøpt grovfôr	0	2 080	1 859	0	887	2 555	2 042	2 820	1 423	2 120
Eigenprodusert for	-385	1 941	3 026	244	1 977	2 459	2 481	3 495	4 695	2 830
Dyrlege mm.	7 374	4 657	4 707	3 618	4 463	4 386	5 616	6 363	5 272	4 554
Kjøp	0	1 251	891	0	1 579	2 200	26 612	14 280	11 804	1 916
Kostnader	28 363	29 914	29 496	17 622	29 627	32 976	72 868	59 995	53 324	31 758
Dekn.bidrag u/tilsk.	49 482	44 099	35 191	63 707	52 472	41 659	83 598	75 682	63 252	38 861
pr. liter u/tilskot	5,96	5,57	5,02	7,95	7,22	6,12	10,95	10,85	8,90	5,61
Tilskot	12 667	13 601	18 809	11 875	16 688	16 870	26 227	27 426	21 147	18 907
Dekn.bidrag m/tilsk.	62 149	57 700	54 000	75 582	69 160	58 529	109 825	103 108	84 399	57 768
Pr. liter m/tilskot	7,49	7,34	7,94	9,43	9,54	8,77	14,39	14,84	11,89	8,40
Årskyr	39,00	38,76	27,81	51,50	36,39	32,24	21,00	15,70	28,16	29,47
Oppnådd mjølkepris	6,92	6,84	6,84	6,53	6,75	6,64	6,62	6,72	6,68	6,69
Kvote	323577	316779	203490	412936	272514	229900	160253	112923	203440	212971
Leveranse	8297	8172	7317	8018	7488	7130	7631	7193	7224	7226
% Påsett	68 %	61 %		95 %	98 %		251 %	219 %		83 %
			60			49			5	114

Ei kolonne viser det høgaste oppnådde dekningsbidraget i kvar gruppe, ei for snitt av 30 % beste og snitt for heile gruppa.

AMMEKU (etter påsett)

Gjennomsnittstal 2022



Ammeku • maks • 30% beste 2022

	2022				2021			
	Alle	Påsett<60	60-120%	>120%	Alle	Påsett<60	60-120%	>120%
Salgsinntekt	21 974	17 965	24 655	67 249	18 860	14 018	23 072	25 265
Statusendring	1 582	653	2 575	4 437	3 202	2 756	3 244	8 786
Inntekt	23 555	18 618	27 229	71 686	22 062	16 774	26 316	34 051
Innkjøpt kraftfôr	3 842	2 100	5 048	22 655	3 611	1 822	5 188	4 606
Innkjøpt grovfôr	1 249	1 149	1 425	160	1 264	1 379	1 293	0
Eigenprodusert for	2 351	1 953	2 659	6 004	2 782	2 536	2 971	4 053
Dyrlege mm.	2 013	1 406	2 327	10 740	1 979	1 806	2 097	3 064
Kjøp	1 374	1 382	1 146	5 877	1 463	654	1 996	4 183
Kostnader	10 830	7 990	12 605	45 436	11 099	8 196	13 544	15 906
Dekn.bidrag u/tilsk.	12 726	10 628	14 625	26 250	10 963	8 578	12 772	18 145
Tilskot	12665	10521	12375	15205	11771	11315	11132	21329
Dekn.bidrag m/tilsk.	25 390	21149	26999	41456	22 735	19893	23903	39474
Antall ammekyr	19,7	18,0	22,2	9,3	20,7	17,4	25,1	9,3
% påsett	61 %				62 %			
Tal bruk	93	50	41	2	77	34	39	3


PÅSETT %	<60			60-120%			>120%	
	Maks	30 %	Snitt	Maks	30 %	Snitt	Snitt	Alle
Salsinntekt	31 012	29 607	17 965	32 052	31 016	24 655	67 249	21 974
Status	7 991	-1 816	653	6 135	4 392	2 575	4 437	1 582
Inntekt	39 004	27 791	18 618	38 187	35 407	27 229	71 686	23 555
Innkjøpt kraftfôr	7 482	3 047	2 100	1 327	4 697	5 048	22 655	3 842
Innkjøpt grovfôr	924	515	1 149	3 885	833	1 425	160	1 249
Eigenprodusert for	119	1 738	1 953	-1 064	1 198	2 659	6 004	2 351
Dyrlege mm.	1 325	1 104	1 406	5 368	2 607	2 327	10 740	2 013
Kjøp	787	1 273	1 382	0	1 314	1 146	5 877	1 374
Kostnader	10 636	7 677	7 990	9 515	10 648	12 605	45 436	10 830
Dekn.bidrag u/tilsk.	28 367	20 113	10 628	28 672	24 759	14 625	26 250	12 726
Tilskot	13 175	12 336	10 521	13 454	13 273	12 375	15 205	12 665
Dekn.bidrag m/tilsk.	41 542	32 449	21 149	42 126	38 032	26 999	41 456	25 390
Årskyr	47,0	17,4	18,0	21,5	21,3	22,2	9,3	19,7
% Påsett	57 %	43 %		99 %	87 %			61 %
			50			41	2	93

Ei kolonne viser det høgaste oppnådde dekningsbidraget i kvar gruppe, ei for snitt av 30 % beste og snitt for heile gruppa.



FØRINGSDYR

Gjennomsnittstal 2022




Gjennomsnittstal

	Maks	30 % beste	2022	2021
Salgsinntekt	22406	20469	20 017	18 412
Statusendring	3079	3315	724	-559
Inntekt	25 485	23784	20 741	17 853
Innkjøpt kraftfor	3554	4644	4 405	4 436
Innkjøpt grovfor	61	155	277	90
Eigenprodusert for	700	784	760	1 084
Dyrlege mm.	301	256	264	858
Kjøp	9857	7062	6 667	4 540
Kostnader	14 473	12 900	12 374	11 007
Dekn.bidrag u/tilsk.	11012	10884	8 367	6 846
Tilskot	1785	1387	1 066	929
Dekn.bidrag m/tilsk	12797	12271	9 434	7 775
Antall foringsdyr	188	121	63	61
Oppnådd kilopris	81,6	76,7	75,3	67,6
Snitt slaktevekt	333	334	341	321
Tal bruk			8	10

Slaktegris

Gjennomsnittstal 2022



Gjennomsnittstal


	Maks	30 % beste	2022	2021
Salgsinntekt	3139	3002	2 914	2 550
	0	0	0	0
Inntekt	3 139	3002	2 914	2 550
Kraftfor/statusendr.	928	902	965	905
Dyrlege mm.	33	38	52	42
Kjøp	1384	1335	1 304	1 127
Kostnader	2345	2274	2 321	2 074
Dekn.bidrag u/tilsk.	794	728	593	476
Tilskot	20	15	21	15
Dekn.bidrag m/tilsk.	814	743	614	491
Antall slakta gris i året	1060	1154	1 237	1 106
Fôrkostnad pr kg kjøt	10,9	10,0	11,9	10,9
Oppnådd kg pris	36,5	35,0	34,6	30,0
Snitt slaktevekt	86,1	85,7	83,9	83,5
Tal bruk			25	24





Kombinert produksjongris

Gjennomsnittstal 2022




Gjennomsnittstal

	Maks	30 % beste	2022	2021
Salgsinntekt	82870	87320	81622	61405
Statusendring	4738	4097	165	-74
Inntekter	87609	91417	81787	61331
Kraftfor	34782	40006	39512	30221
Dyrlege mm.	2729	2308	3223	2819
Kjøp	0	0	2153	1881
Kostnader	37511	42313	44888	34922
Dekn.bidrag u/tilsk.	50097	49103	36899	26409
Tilskot	453	783	896	607
Dekn.bidrag m/tilsk.	50550	49886	37795	27016
Årspurker*	80	60	49	57
Griser pr purke	34	31,5	25,8	23,4
Tal bruk			6	4

Sau

Gjennomsnittstal 2022



Gjennomsnittstal


	Maks	30 % beste	2022	2021
Salgsinntekt	5142	2972	2013	1951
Statusendring	-11	271	181	370
Inntekter	5131	3243	2194	2320
Innkjøpt for	895	603	562	585
Eigenprodusert for	318	146	212	276
Dyrlege mm.	229	349	299	364
Kjøp	11	85	61	54
Kostnader	1454	1182	1135	1280
Dekn.bidrag u/tilsk.	3677	2061	1059	1041
Tilskot	1203	1379	1688	1475
Dekn.bidrag m/tilsk.	4880	3440	2747	2515
Vinterfora sauer	220	85	77	70
Oppnådd kjøttpris	84,8	85,3	80,9	71,9
Kg kjøtt pr vfs	57,4	32,9	24,6	24,9
Tal bruk			346	331





Sau etter storleik / driftsform


Gjennomsnittstal 2022



	Storleik			Driftsform	
	Antall vinterfora sau			Storfè & sau	Kun sau
	-30	30-80	81-		
Salgsinntekt	1964	1961	2129	2107	2000
Status	182	190	165	119	189
Inntekter	2146	2151	2293	2226	2190
Innkjøpt for	394	562	661	436	580
Eigenprodusert for	283	198	193	160	219
Dyrlege mm.	312	305	283	282	302
kjøp	70	58	62	71	60
Kostnader	1059	1123	1199	948	1161
Dekn.bidrag u/tilskot	1087	1028	1095	1278	1029
Tilskot	1345	1626	1547	1556	1400
Dekn.bidrag m/tilskot	2432	2654	2642	2833	2429
Vinterfora sauer	22	59	157	70	78
Oppnådd kjøttpris	74,8	83,0	80,6	79,5	81,2
Kg kjøtt pr vfs	24,7	25,2	24,8	27,7	24,6
Tal bruk	64	175	107	43	303

Høns

Gjennomsnittstal 2022




Gjennomsnittstal

	Maks	30 % beste	2022	2021
Salgsinntekt	421	429	410	354
Statusendring	51	9	15	-17
Inntekter	472	438	425	337
Kraftfor	221	211	218	181
Andre variable	10	10	10	9
Kjøp/Statusendring	38	33	66	42
Kostnader	269	253	294	232
Dekn.bidrag u/tilsk.	203	185	131	105
Tilskot	8	10	11	6
Dekn.bidrag m/tilsk.	212	195	142	111
Antall høns	?	9400	6793	8719
Forkostand pr. kg egg	10	9,6	10,5	10,0
Tal bruk			11	8

Grovfôr

Gjennomsnittstal 2022



2022

2021

	Gj.snitt	<70	70-120	>120	Gj.snitt	<70	70-120	>120
Frø		1 209	2 439	8 511		1314	2905	8193
Gjødning/kalk/sprøytem		17 918	43 475	85 901		17162	27066	69036
Ensileringsmidler		1 839	6 408	16 191		1720	4036	13093
Grovforkostnader		20 966	52 321	110 604		20197	34007	90322
Pr. dekar	586	597	554	497	435	488	355	416
Pr. fem	1,45	1,57	1,34	1,17	1,01	1,17	0,92	0,88
Maskinkostander								
Vedlikehold/Fors.		20 025	45 199	90 559		24456	45596	102570
Drivstoff		11 269	25 525	62 696		8306	16024	44590
Ikkje akt.pl. inv.		11 797	15 177	20 010		12318	15655	22959
Avskrivningar		43 390	78 941	169 623		36332	75815	146779
Leigekjøring		19 632	47 008	111 249		18040	37279	97891
-Leige/skog		0	0	-71		-125	0	-65
Maskinkostnad grovfor		106 114	211 849	454 066		99326	190369	414724
Pr. dekar	2398	2 865	2 242	2 022	2146	2541	2025	1907
Pr. fem	6,31	8,49	5,55	4,82	5,34	6,80	5,33	4,21
Antall dekar dyrka	124				130			
Innhausta fem pr dekar	461	462	450	468	473	446	467	498
Tal bruk	369	138	90	141	363	120	89	154

Tveit Regnskap

En del av

SpareBank  | Forretningspartner
SR-BANK